



Halvard Miljeteig
Jonsterhaugen 5
5109 HYLKJE

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2627 - 16/33636

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:
08.12.2016

Utsleppsløyve - gbnr 171/10 Seim

Administrativt vedtak. Saknr:

Tiltakshavar:Halvard Miljeteig

Ansvarleg søker:Halvard Miljeteig

Type utslepp : Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50 pe

Søknadstype: Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-5

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld søknaden om utsleppsløyve for gnr. 171 bnr. 10. Storleiken til utsleppet er opplyst til 6 pe. Utsleppet gjeld for heilårsbustad og det er søkt om minireinseanlegg. Anlegget er dimensjonert for ein bustad, det vil difor ikkje vere mogeleg å kople på fleire hustander på anlegget. Det vert elles syna til søknad motteke den 05.12.16

Planstatus

Eigedomen ligg i området som i kommuneplanen er avsett til LNF-føremål. Det er i søknad om rammeløyve opplyst om at det skal drivast gardsverksemd. Det er innhenta uttale i frå landbrukskontoret vedkomande drift.

Plassering

Plassering og utsleppsstad er vist i kart i målestokk 1:5000 eller større, jf. forureiningsforskrifta § 12-14 nr 1 d.

Reinsekrav



Eigedomen ligg i eit område der det er krav til minireinseanlegg etter forureiningsforskrifta kapittel 12. Det er søkt om minireinseanlegg av type Biovac. Det er ikkje sendt inn serviceavtale for dette anlegget. Før ferdigattest/mellombells bruksløyve vert gjeve skal kopi av dette vere sendt inn til kommunen.

Omsøkte reinseløysing stettar krava til utsleppsstad i følsamt/normalt område, med brukarinteresser. Det er eit krav at anlegget tilfredsstillar NS EN-12566-3.

Nabovarsel

Partar og andre som vert råka av utsleppet er varsla og er gjeve høve til å uttale seg innan fire veker frå varsel er sendt, jf. forureiningsforskrifta § 12-4 nr 2.

Det har ikkje kome merknader til søknaden

Privatrettslege tilhøve

Anlegget skal plasserast på tiltakshavar si eigedom og er ikkje avhengig av privatrettslege løyve.

Reinsekrav

Søknad om utsleppsløyve kan etter kommunen sin vurdering godkjennast slik den ligg føre med krav til minireinseanlegg.

Drift og vedlikehald

Det er eit vilkår for utsleppsløyvet at anleggseigar inngår serviceavtale for drift og vedlikehald av anlegget, jf. forureiningsforskrifta § 12-14 nr 1 c.

Godkjenning etter andre lovverk

Plassering av leidning i sjø må godkjennast etter hamnelova før arbeidet kan setjast i verk. Det ligg føre løyve frå hamnevesenet av [dato].

Før arbeidet med etablering av anlegget kan setjast i verk må det søkjast om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova.

VEDTAK:

Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta §§ 12-3 og 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve for utslepp frå [sett inn type utsleppsanlegg] på følgjande vilkår:

1. Avlaupet skal reinsast i biologisk/kjemisk reinseanlegg før avlaupet vert ført til jordbruksgrøft.
2. Det er ikkje syna leidningstrasè, det må ettersendast situasjonskart i målestokk 1:5000 som synar leidningstrasè
3. Reinseanlegget skal plasserast slik at det kan vedlikehaldast og driftast av godkjent føretak.
4. Det skal dokumenterast at det er inngått serviceavtale for drift og vedlikehald av anlegget før det vert gjeve mellombelt bruksløyve/ferdigattest for tiltaket.

5. Eigedomen skal knytast til offentleg godkjent avlaupsleidning eller anna fellesleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav.
6. Arbeidet med etablering av anlegget kan ikkje ta til før det ligg føre løyve etter plan- og bygningslova.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneberer ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

Bortfall av løyve

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller innstillast arbeidet i lengre tid enn to år, faller retten til å etablere utsleppet bort. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn, jf. forureiningsforskrifta § 12-5, fjerde ledd.

Ferdigstilling

Når arbeidet med etablering av avløpsanlegget er ferdigstilt skal den ansvarlege for arbeidet skriftleg melde i frå til kommunen at anlegget er etablert og arbeidet utført i samsvar med dette løyvet. Samstundes skal det senast inn stadfesting for montering frå det føretaket som har levert anlegget, og serviceavtale for drift og vedlikehald.

Plassering av anlegg, samt leidningsanlegg med kummar, knekkpunkt og utsleppspunkt skal innmållast og koordinatar skal sendast kommunen, seinast ved førespurnad om mellombels bruksløyve/ferdigattest.

Anlegget eller nokon del av det kan ikkje takast i bruk før det ligg føre mellombels bruksløyve eller ferdigattest etter plan- og bygningslova.

Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet

Kommunen er forureiningsstyresmak og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekke kostnad knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, sette nye vilkår og om naudsynt kalle tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18, jf. forureiningsforskrifta § 12-14.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/2627

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Halvard Miljeteig

Jonsterhaugen 5 5109

HYLKJE